



Fornøgde uskedelinger i Bø. Foto:Knut Johannes Ripel

I helga var jenter og gutar 11 år på Sommarland cup i Bø. Begge laga spela tre kampar kvar, og fekk med seg både tap og seirar. Medan jentene tapte sine kampar på laurdagen så vann gutane sine

På søndag vart rollene bytt, og medan jentene fekk ein velfortent siger, gjekk gutane på eit tap. Alle tapa var av den knepne sorten, så det var stor spenning heile tida. Med tre kampar på kort tid viste laga fin framgong, og dei spela veldig fin fotball.

Itillegg til det sportslege fekk vi og tid til å pleia det sosiale. Mellom kampene på laurdagen var vi i badeland og

kosa oss. Her var det aktiviteter for både små og store. Etter den andre kampen hadde ivrige foreldre fått fyr i eit par grillar. Vi samla oss difor og hadde ei fin stund med god mat og prat. Etter grilløkta reiste vi til Lunde der Sluserock gjekk føre seg. Sluserock er eit rusfritt arrangement for barn og unge, og vi fekk blant andre sjå og høyra Stian Blipp, Sirkus Eliassen og Carpe Diem. Det var nok kanskje Stian Blipp som var det store blant dei unge jentene (og mødrene) vi hadde med oss.

Påsøndagen etter kampane fekk alle spelarane velfortente premiar, før turen atter ein gong gjekk til badeland. Denne dagen var det til og med nokre av dei unge (ja og så Kjellien då sjølv sagt) som tok det berykta 'Magasuget'. Tøft nok berre å tenkja på det for nokon av oss.

Vihar hatt ei strålende helg i Bø. Dei unge spelarane våre har representert bygda vår på ein flott måte. Saman med den gode fotballen dei har spela, så har dei i tillegg vist fin sportsånd. Vi er verkeleg stolte øve desse jentene og gutane.

Når det er sagt så må vi ikkje gløyma det store støtteapparatet som var med. Kjekke søsken, foreldre og besteforeldre gjorde dette til ein flott tur, og vi er alle einige om at det freistar med ei gjentakning. Tusen takk for turen!

Av Odd Steinar Arnesen



Også jentene var tilfede med innsatsen (Foto: Knut Johannes Ripel)